

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/9268-12

## **Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) - utkast til vedtekter for det nye samvirkeføretaket**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet godkjenner vedtektene slik dei er lagt fram.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å vurdere og innarbeide mindre endringar i vedtektene, etter at høyringsrunden er avslutta.

### **Vedlegg:**

1. Vedtekter for Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane SA
2. Omorganisering av Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)

### **Andre relevante dokument i saka:**

Dokument tilhøyrande fylkestings sak 7/19

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I fylkestings sak 7/19 vedtok fylkestinget å omorganisere Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) til samvirkeføretak. Det vart vedteke at omorganiseringa skal skje i 2019 og at fylkeskommunen skal stifte medlemskap i samvirkeføretaket. OKOS sine opparbeidde verdiar og aktiva skal overførast til det nye samvirket.

Mynde til å godkjenne det seinare stiftingsdokumentet for samvirket, med vedtekter, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har utarbeidd eit utkast til vedtekter for OKOS som samvirkeføretak. Utkastet er utarbeidd i samråd styreleiar og dagleg leiar i OKOS.

Utkastet er sendt på høyring til dagens medlemsverksemdar med merknadsfrist til ut september 2019. Sjølvstiftingsmøtet skal etter planen haldast i slutten av oktober 2019.

#### Stifting av føretaket

Stiftarane av eit samvirkeføretak skal datere og skrive under eit stiftingsdokument. Når alle stiftarane har skrive under stiftingsdokumentet, er medlemskap teikna og føretaket stifta. Stiftingsdokumentet skal innehalde vedtekter for føretaket og dessutan opplyse om namn, adresse og organisasjonsnummer for stiftarane, og namn, adresse og fødselsnummer for styremedlemar.

Sjølvstiftingsdokumentet vert utarbeidd på eit seinare tidspunkt.

#### Om innhaldet i vedtektene

Samvirkelova § 10 krev at vedtektene minst skal innehalde føresegner om føretaksnamn, den kommunen i riket føretaket skal ha forretningskontor i, kva verksemd føretaket skal drive, storleiken på eventuelle andelsinnskot (om dei skal forrentast, og om dei skal betalast attende ved utmelding), om det skal betalast medlemskontingent, korleis årsoverskotet skal kunne nyttast, talet på eller det lågaste og høgste talet på styremedlemar, kva saker som skal opp på det ordinære årsmøtet, og korleis nettoformuen skal fordelas ved oppløysing.

Utkastet er utarbeidd i tråd med samvirkelova sine krav til vedtekter, og vidarefører i stor grad innhaldet i gjeldande vedtekter, sist reviderte av fylkestinget i sak 22/05.

Medlemskap i eit samvirkeføretak kan ikkje overførast, utan at det er opna opp for dette i vedtektene, jf. samvirkelova § 20. I utkastet er det lagt opp til at medlemskap kan overførast til ny medlem. Føremålet med å vedtektsfeste dette, er at medlemskapen skal kunne overførast til nye kommunar/fylkeskommune etter 1.1.2020, utan at den nye kommunen/fylkeskommunen skal måtte søke på nytt. Styret i OKOS vil ha mynde til å samtykke til ei slik overføring av medlemskapen.

Trass i at Sogn og Fjordane som fylke opphøyrer å eksistere frå 01.01.2020, er namnet på føretaket føreslege vidareført og SA lagt til namnet. Medlemane i føretaket vil ha høve til å endre namnet på eit seinare tidspunkt, alt etter kva medlemar opplæringskontoret vil ha i framtida.

Av omsyn til vilkåra for avgrensa skatteplikt, er det ikkje lagt opp til utbetaling av utbyte og fordeling av eventuell nettoformue ved ei seinare oppløysing. Det er i staden lagt opp til at eit eventuelt årsoverskot vert godskrive eigenkapitalen, og at det kan kome medlemane til gode i form av tenester eller kompetansehevande tiltak påfølgjande år. Ei eventuell nettoformue skal ved oppløysing gå til eit tilsvarande føremål.

Verksemda skal finansierast med offentlege tilskot til læreverksemdar. I tillegg skal medlemsverksemdene betale ein årleg medlemskontingent. Storleiken på kontingenten vert fastsett av årsmøtet. Per i dag betalar medlemsverksemdene ein årleg kontingent på 10 000 kroner.

For meir informasjon om innhaldet i vedtektene syner eg til vedtektene i sin heilskap.

#### Seinare endringar

Vedtektene er sendt på høyring til dagens medlemsverksemdar, og fylkesrådmannen vil gjere ei vurdering av om eventuelle innspel som kjem inn fordrar større endringar og ny politisk handsaming i fylkesutvalet. Av omsyn til ein effektiv stiftingsprosess tilrår eg at mynda til å vurdere og innarbeide mindre endringar i vedtektene vert delegert til fylkesrådmannen.

#### **4. Konklusjon**

Utkastet er utarbeidd i tråd med samvirkelova sine krav til vedtekter, og vidarefører i stor grad innhaldet i gjeldande vedtekter, sist reviderte av fylkestinget i sak 22/05.

Eg tilrår at fylkesutvalet godkjenner vedtektene slik dei er lagt fram, og at fylkesrådmannen, etter at høyringsperioden er ute, får fullmakt til å innarbeide eventuelle mindre endringar i vedtektene.